ALVER KOMMUNE

Vest Rørservice As
Kvernhusvegen 5
5936 MANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:1047-00018-Skjemanr.:1047<br>Vår: 23/6436 - 23/70111 | Linda Hammersvik Folkestad<br><br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 07.09.2023 |

# Foreløpig svar på rørleggarmelding - Gbnr 451/5 Morken indre

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn
**Byggjestad:** Radøyvegen 1475 – Gbnr 451/5
**Tiltakshavar:** Jan Kåre Morken
**Ansvarleg søkjar:** Vest Rørservice AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.08.2023

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan som viser kommunalt leidningsnett og privat leidningsstikk frå dette.

2. Bunnleidningsplan for bustad. Dersom bustad har fleire etasjar er det ynskjeleg med etasjeplan som viser rominndeling og areal på rom målt i m2.

3. Vi ser at leidningsnett skal etablerast over annan manns grunn. Før vi kan handsame søknad skal kommunen har kopi av tinglyst rett til å gå over annan manns grunn.

   Kommunen har heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» punkt 2.3 til å krevje dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

<u>Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden.</u> Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forhold som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jan Kåre Morken | Radøyvegen 1475 | 5936 | Manger |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Rørservice As | Kvernhusvegen 5 | 5936 | MANGER |